

Møteinnkalling

Utval:	Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland
Møtestad:	826, 8. etg., Fylkeshuset
Dato:	07.06.2017
Tid:	09:30

Orienteringar

«Hjertesone» v/ Bergen kommune
Status trafikkulykker i Hordaland 2016/2017 v/ Statens vegvesen
Nærare om fotgjengarulykker v/ Statens vegvesen
Status om Trafikksikker kommune v/ Trygg Trafikk
#Er du sikker? v/ Trygg Trafikk
Investeringsprogrammet med fokus på Trygge skuleveggar v/ Hordaland fylkeskommune
Arbeidet med ny plan for trafikksikring v/ Hordaland fylkeskommune

Program

KL. 09:30 – 13:00 Orienteringar og saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Nils T. Bjørke
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 20/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 21/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 22/17	Referatsaker		
RS 4/17	Fagdag om sykkel, 9. juni 2017 - program	2014/13889	
RS 5/17	Særorganutgreiinga - NOU 2017:11 - forslag om å leggje ned Utrykningspolitiet (UP)	2014/13889	
RS 6/17	Arbeidet med Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021	2014/13889	
PS 23/17	Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. mai 2017	2014/1230	
PS 24/17	Ymse		

PS 20/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 21/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 22/17 Referatsaker

Notat

Dato: 24.05.2017
Arkivsak: 2014/13889-67
Saksbehandlar: lisadla

Fagdag om sykkel, 9. juni 2017 - program

Hordaland fylkeskommune har klare målsetjingar når det gjeld å få opp andelen som går, sykklar og nyttar kollektivtransport. Denne satsinga ber med seg både miljø- og folkehelsevinstar. I dette arbeidet er det viktig å sikre gode trafikale løysingar for alle trafikantgruppene. Nullvisjonen om drepne og hardt skadde må liggje støtt trass i auka tal mjuke trafikantar, og med det større risiko for alvorlege skader. Dette er også ein av grunnane til at Hordaland fylkeskommune i inneverande handlingsplanperiode (2014-2017) har «Mjuke trafikantar i byområde» som eit av sine tre satsingsområder.

Då programmet til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sin årlege trafikksikringskonferanse i november 2016 vart utarbeidd var det semje om å ha fokus på mjuke trafikantar, og då særleg born, men ikkje å ta opp tema knytt til sykkel. Planen var å gjennomføre ei eiga samling våren 2017 der trafikksikring og sykkel vart sett på agendaen. Dette arbeidet har no ført fram, og ein fagdag om sykkel vert arrangert 9. juni 2017. Fagdagen er fullteikna med 90 deltakarar frå kommunar, fylkeskommunar, Statens vegvesen, Trygg Trafikk, Politiet, konsulentar osb.

Vedlagt er programmet for dagen.

Vedlegg

1 Program for Fagdag om sykkel, 9. juni 2017



FAGDAG OM SYKKEL

Hordaland fylkeskommune v/ Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU)
i samarbeid med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og Bergen kommune

FREDAG 9. JUNI, 08:30–15:00

Grand Terminus i Bergen sentrum, møterom Terminus Forum

Møteleiar: Fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen

08:15–08:30 Kaffe

08:30–08:35 Velkommen v/ Nils T. Bjørke, leiar i Utval for miljø og samferdsel og Fylkestrafikksikringsutvalet

08:35–08:50 Sykkelulykker. Korleis vert ulykkene registert, og kva trekk ser vi?
– *Trond Hollekim (Statens vegvesen Region vest)*

08:50–09:20 Ulykkesanalyse ved bruk av helseopplysningar
– Kva kan vi lære? (Sykkelskader registrert ved Oslo skadelegevakt 2014)
– *Johan Lund (Helsedirektoratet)*

09:20–09:50 Trafikksikringsarbeid for sykkistar. Korleis gjere det?
– *Bård Morten Johansen (Trygg Trafikk)*

09:50–10:05 Kaffipause

10:05–10:35 Kan «Oslostandarden» gje auka trafikktryggleik for sykkistar?
– *Elise Egeseth (Oslo kommune)*

10:35–11:05 Del veien kampanjen – arbeidsprosess, status, evaluering og framtid?
– *Signe Gunn Myre (Statens vegvesen Region sør)*

11:05–11:35 Korleis kan nye sykkelløysingar bidra til å auke attraktiviteten og trafikksikringa for sykkistar?
– *Tanja Loftsgarden (Vegdirektoratet)*

11:35–12:25 Lunsj

12:25–12:45 Kartlegging av sykkeltilhøva i kommunar rundt Bergen. Korleis står det til?
– *Vegard Eriksen (Multiconsult)*

12:45–13:35 Arbeidet med trafikksikring for sykkistar i kommunane.
– *Panelforum*

13:35–13:50 Kaffipause

13:50–14:20 Temaanalyser av sykkelulykker 2005–2012. Kva har analysen bidratt med i sykkeltrafikksikringsarbeidet?
– *Vibeke Schau (Statens vegvesen Region sør)*

14:20–14:40 «Hjertesone» – Fleire syklande og betre trafikksikring?
– *Øivind Hauge Støle (Bergen kommune)*

14:40–14:55 Inspirasjonsavslutning!
– *Laila Nyborg (Sykkelpikene)*

14:55–15:00 Takk for i dag

Notat

Dato: 24.05.2017
Arkivsak: 2014/13889-66
Saksbehandlar: lisadla

Særorganutgreiinga - NOU 2017:11 - Forslag om å leggje ned Utrykningspolitiet (UP)

Eit regjeringsoppnevnt utval overleverte 18. mai 2017 sin rapport NOU 2017:11 *Bedre bistand. Bedre beredskap. Fremtidig organisering av politiets særorganer.*

I lys av nærpoltireforma og venta kriminalitetsutvikling har utvalet vurdert behovet for å endre noverande organisering og oppgåveløysning i politiet sine særorganer. Ein konsekvens av dette er å leggje ned Utrykningspolitiet (UP), og overføre trafikkoppgåvene til politidistrikta.

Rapporten er tilgjengeleg her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-11/id2553617/>

Vedlagt er Trygg Trafikk sin reaksjon på utvalet sitt framlegg.

Vedlegg

- 1 Særorganutredningen: Utrykningspolitiet foreslås nedlagt - trafiksikkerheten nedprioriteres

Særorganutredningen: Utrykningspolitiet foreslås nedlagt – trafikksikkerheten nedprioriteres

Bakgrunn

Regjeringen har, som ledd i nærpolitireformen, nedsatt et [offentlig utvalg](#) for å vurdere funksjon og kapasitet for politiets særorganer, herunder Utrykningspolitiet (UP).

Utvalget har nå lagt frem sin innstilling til justisministeren– [NOU 2017: 11 Bedre bistand. Bedre beredskap — Fremtidig organisering av særorganer](#). Bl.a. anbefales nedleggelse av UP som særorgan og at «trafikkoppgavene overføres til politidistriktene for å oppnå en mer fleksibel og effektiv bruk av politikraft til alle former for kriminalitetsbekjempelse.»

Hvorfor regjeringen ikke skal lytte til utvalgets anbefaling:

1. All erfaring tilsier at trafikksikkerhet vil bli nedprioritert i politidistriktene i konkurranse med andre oppgaver.

UP har gjennom over tid bygget opp et kompetent fagmiljø på trafikksikkerhet, og samarbeider tett med andre nasjonale aktører på området. UP står for hovedvekten av kontrollvirksomheten. Når det gjelder fartsovertredelser tar UP ca 90 % og politidistriktene 10 %. I mange politidistrikt har trafikksikkerhetsarbeid lav status og ingen/lav prioritet. Trygg Trafikk er kjent med at det i flere politidistrikter ikke er drevet trafikkontroller siden våren 2016.

2. Trafikksikkerhetsarbeidet i Norge mister et av sine mest effektive tiltak.

Ruskjøring og høy fart etter forholdene er blant de viktigste årsakene til dødsulykker, jf. ulykkesanalysegruppene i Statens vegvesen. Disse utfordringene presenteres også som innsatsområder i ny Nasjonal transportplan. Oppdagelsesrisikoen har stor betydning for hvordan trafikantene forholder seg til trafikkreglene. Politikontroller er det enkelttiltaket med størst dokumentert effekt på trafikksikkerheten, jf. Transportøkonomisk institutt. Det vil ta lang tid før teknologien kan erstatte politiets kontrollvirksomhet.

3. Vi vil ikke klare å nå ambisiøse nasjonale mål for trafikksikkerhet

Regjeringen har svært ambisiøse mål for trafikksikkerheten, jf. ny Nasjonal transportplan. Nullvisjonen om at ingen skal omkomme eller bli hardt skadd i trafikken videreføres og det er satt et nytt etappemål om maksimalt 350 omkomne og hardt skadde i veitrafikken i 2029. Dersom kontrolltiltakene svekkes, fratas alle muligheter til å nå målene.

4. Befolkningens trygghet svekkes.

Befolkningen ønsker politiets tilstedeværelse på veien. I følge politiets innbyggerundersøkelse (desember, 2014) er trafikkfarlige hendelser det folk flest frykter aller mest å bli utsatt for. Andre undersøkelser har vist at flest folk er mest for nøyd med er politiets innsats på veien.

5. Politikontroller er effektiv bruk av ressurser og samfunnsøkonomisk lønnsomt.

UP er dyktige til å varsle sine kontroller og disse har dermed en langt større forebyggende virkning enn ressursinnsatsen tilsier. I tillegg bidrar UP sterkt til den generelle kriminalitets-bekjempelsen. En 3,5 ganger økning av politikontroller fra dagens nivå er beregnet å være samfunnsøkonomisk lønnsomt, jf. Transportøkonomisk institutt.

Konklusjon: Et samlet nasjonalt fagmiljø fraråder på det sterkeste at UP nedlegges da dette vil bety en nedprioritering av trafikksikkerhet.

Notat

Dato: 24.05.2017
Arkivsak: 2014/13889-68
Saksbehandlar: lisadla

Til:	Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU)
Frå:	Fylkesrådmannen

Arbeidet med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021*

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg er ein fireårig plan som gjev ei samla framstilling av mål og tiltak innanfor trafikksikringsarbeidet i Noreg. Slike planar har vore utarbeidd sidan planperioden 2002-2005, og arbeidet med tiltaksplanen har utvikla seg til å bli ein viktig arena for samarbeid mellom dei ulike aktørane i trafikksikringsarbeidet. I tiltaksplanen for perioden 2014-2017 vert trafikksikringsarbeidet til Statens vegvesen, politiet, Trygg Trafikk, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, fylkeskommunane, sju storbykommunar, Forsvaret, Arbeidstilsynet og 19 ulike interesseorganisasjonar omtalt.

I Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029 står det at: *Statens vegvesen vil lede arbeidet med «Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021».* Planen skal gi en samlet framstilling av hvordan de ulike aktørane i trafikksikkerhetsarbeidet sammen skal bidra til å sikre at vi er på rett kurs. Det vil også bli satt mål for tilstandsutviklingen innenfor områder av stor betydning for trafikksikkerheten, for eksempel overholdelse av fartsgrenser og bruk av bilbelte.

I Meld. St. 40 (2015-2016) *Trafikksikkerhetsarbeidet – Samordning og organisering* vert tiltaksplanen for trafikksikring omtalt som det sentrale dokument for å sikre god samordning mellom aktørane i trafikksikringsarbeidet.

Arbeidet med *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* er no starta opp. Statens vegvesen ved Vegdirektoratet leiar arbeidet, etter oppdrag frå Samferdselsdepartementet. Planen skal etter gjeldande framdriftsplan overleverast til Statsråden i februar 2018. Hausten 2017 vil eit utkast til plan verte sendt på høyring til fylkeskommunane, med høve for fylkespolitisk handsaming.

I NTP (2014-2017) er det sett eit mål om 500 drepne og hardt skadde innan 2024. Desse måltala er fordelt utover fylka, slik at kvart fylke har sine måltal som er nærare omtalt i den nasjonale tiltaksplanen. I kommande planperiode vert det lagt opp til eit mål om 350 drepne og hardt skadde innan 2030.

Tiltaksplanen skal innehalde:

- Omtale av nullvisjon og etappemål innan trafikksikring.
- Omtale av tilstandsmål og nødvendige tilstandsendingar for å oppnå færre drepne og hardt skadde.
- Samla omtale av planlagte trafikksikringstiltak i fireårsperioden.

Fylkeskommunane har ei svært sentral rolle i trafikksikringsarbeidet i Noreg, og ga viktige bidrag inn i arbeidet med tiltaksplanen for 2014-2017. Det er avgjerande at alle fylkeskommunane deltek i arbeidet med tiltaksplanen for 2018-2021, og at det viktige trafikksikringsarbeidet som fylkeskommunane gjer vert synleggjort.

I gjeldande plan (2014-2017) har kvar av fylkeskommunane sin eigen omtale, med sine prosjekt og satsingsområder. I kommande plan er dette endra, og planen tek no i større grad utgangspunkt i fokusområda. Dette inneber at tiltaka til fylkeskommunane, storbykommunane og interesseorganisasjonane vert omtalt saman med dei nasjonale aktørane sine tiltak.

Samferdselssjefane har valt Gro Solberg (Samferdselssjef i Buskerud fylkeskommune) til å representere fylkeskommunane i styringsgruppa for arbeidet med tiltaksplanen, medan Lise F. Ådlandsvik frå Hordaland fylkeskommune representerer fylkeskommunane i arbeidsgruppa. Ho har ansvaret for prosessen mot alle fylkeskommunane, og koordineringa av fylkeskommunane sine bidrag.



Arkivnr: 2014/1230-183

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	23/17	07.06.2017

Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. mai 2017**Samandrag**

Det er sett av 680.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement i 2017. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2017 er sett til 1. januar, 1. juni og 1. november. I sitt møte 21. februar 2017 tildelte FTU midlar til 13 arrangement, men ein total tilskotssum på 498 792 kr. Innan fristen 1. mai kom det inn 11 søknader, med ein søknadssum på totalt 452.750 kr.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. mai 2017 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

Søkjjar	Søknadssum	Tilskot
Ettertankens dag Hordaland	35 000	35 000
FAU Hatlestrand skule	30 000	15 000
FAU Sunde barnehage	6 000	6 000
FAU Undarheim skule	21 000	10 000
Kløyvheim bygdslag	20 000	15 000
Kvernbit IL	12 000	10 000
Kvinnherad kom., folkehelsekoor.	30 000	30 000
Kvinnherad kom., helsestasjonane	18 750	18 750
Kvinnherad kom., Undarheim skule	30 000	15 000
TSU Nordhordland	100 000	50 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknad. Kvinnherad kommune, Undarheim skule
- 2 Vedlegg. Fullstendig referat FAU møte 23.02.2017
- 3 Søknad. Kvinnherad kommune, helsesøster
- 4 Søknad. FAU Sunde barnehage
- 5 Søknad. Kvinnherad kommune, folkehelsekoordinator
- 6 Søknad. Naturvernforbundet, Prøvekjøre elsykkel
- 7 Vedlegg. Budsjett Prøvekjøre elsykkel
- 8 Vedlegg. Prosjektbeskrivelse Prøvekjøre elsykkel
- 9 Søknad. Trafikksikkerhetsdagen Bergen
- 10 Søknad. Kløvheim bygdelaag
- 11 Søknad. FAU Hatlestrand skule
- 12 Søknad. FAU Undarheim skule
- 13 Søknad. Kvernbit IL
- 14 Søknad. TSU Nordhordland

Fylkesrådmannen, 01.05.2017

Bakgrunn

Det er sett av 680.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement i 2017. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane for tilskotsordninga lokale trafikksikringsarrangement er i 2017 er sett til 1. januar, 1. juni og 1. november. I sitt møte 21. februar 2017 tildelte FTU midlar til 13 arrangement, men ein total tilskotssum på 498 792 kr. Innan fristen 1. mai kom det inn 11 søknader, med ein søknadssum på totalt 452.750 kr.

Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist to gongar i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsrâme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.
- Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsatsen (timar) må synleggjerast.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane ikkje kan dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

Oversikt over søknadane av 1. mai 2017

	Søkjar	Type arr.	Søknadssum	Totalkostnad	Tilskot	Krav om eigenandel
a	Ettertankens dag Hordaland	TS-dag	35 000	140 900	35 000	X
b	FAU Hatlestrand skule	TS-arr.	30 000	30 000	15 000	
c	FAU Sunde barnehage	Sykkel	6 000	16 000	6 000	
d	FAU Undarheim skule	Gå/sykkel	21 000	21 000	10 000	
e	Kløvheim bygdelag	Refleks	20 000	70 000	15 000	X
f	Kvernbit IL	Refleks	12 000	24 000	10 000	
g	Kvinnherad kom., folkehelsekoor.	Sykkel	30 000	30 000	30 000	
h	Kvinnherad kom., helsestasjonane	Infor. TS	18 750	18 750	18 750	
i	Kvinnherad kom., Undarheim skule	TS-arr.	30 000	30 000	15 000	
j	Naturvernforbundet i Hordaland	El-sykkel	150 000	1 880 480		X
k	TSU Nordhordland	Refleks	100 000	170 000	50 000	X

a) *Ettertankens dag i Hordaland, Trafikksikringsdag*

Ettertankens dag i Hordaland søker om 35 000 kr til å arrangere trafikksikringsdag i Bergen sentrum. Arrangementet er tverrfagleg. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 35 000 kr.

b) *FAU Hatlestrand skule*

FAU Hatlestrand skule i Kvinnherad kommune søker om 30 000 kr til eit arrangement for foreldre og born. Det vert opplyst om at midlane skal gå til materiell for utdeling, kostnader ved foredrag, gjennomføring av arrangementet samt utgifter ved «sykkelsertifisering». Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

c) *FAU Sunde barnehage*

FAU ved Sunde barnehage i Kvinnherad kommune søker om 6 000 kr til å setje opp trafikkskilt i samband med oppgradering av ei sykkelløype i barnehage. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 6 000 kr.

d) *FAU Undarheim skule*

FAU ved Undarheim skule i Kvinnherad kommune søker om 21 000 kr til midlar til premiar for prosjektet «Aktive barn – Tryggare skuleveg». Prosjektet starta opp i februar 2017 og går fram til mai 2017. Søkjaren er ny av året. Det går ikkje fram kva type premiering som skal delast ut. Ut frå tilsvarande søknader tidlegare i år, FAU Alversund og FAU Kleppe, innstiller fylkesrådmannen på eit tilskot på 10 000 kr.

e) *Kløvheim bygdelag*

Kløvheim bygdelag i Lindås kommune søker om 20 000 kr til å arrangere Refleksjakten 2017. Søkjaren var i hausten 2016 tildelt 15 000 kr til same type arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

f) *Kvernbit IL*

Kvernbit IL i Meland kommune søker om 12 000 kr til innkjøp av refleksar og å arrangere ei samling for alle i idrettslaget. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 10 000 kr.

g) *Kvinnherad kommune, folkehelsekoordinator*

Kvinnherad kommune ved folkehelsekoordinator søker om 30 000 kr til å gjennomføre ein sykkeldag på alle skulane i kommunen. Midlane skal nyttast til innkjøp av sykklar, sykkelstativ og sykkelhjelm som kan leigast ut til skulane. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

h) *Kvinnherad kommune, helsestasjonane*

Kvinnherad kommune ved helsestasjonane søker om midlar til innkjøp av refleksdyr, samt tre informasjonsskjermer som skal henge på venterommet på tre av helsestasjonane i kommunen. Søkjaren er ny av året. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 18 750 kr.

i) Kvinnherad kommune, Undarheim skule

Undarheim skule i Kvinnherad kommune ved rektor søker om 30 000 kr i tilskot til eit dagseminar «Trafikktryggleik for aktive elevar» med alle elevane ved skulen. Dette er mellom anna knytt til arbeidet med å verte Trafikksikker kommune. Søkjar legg opp til at Trygg Trafikk og Politiet deltek. Skulen har over fleire år hatt elevar som er trafikkvakter. Skulen har ei trafikert nærrområde. Søkjaren er ny av året. Det går ikkje fram kva tilskotsmidlane skal gå til, utover «Innkjøp av utstyr til seminaret». Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

j) Naturvernforbundet Hordaland

Naturvernforbundet Hordaland søker om 150 000 kr til prosjektet Prøvekjør elsykkel. Prosjektet skal tilby prøvekyring av elsykkel i verksemdar, på offentlege arrangement og via prøvekjøre.no. Søkjaren søkte om midlar i hausten 2016 til same prosjektet, men fekk ikkje innvilga tilskot. I saksutgreiinga heite det følgjande:

Fylkesrådmannen ser positivt på nye tiltak som kan få fleire til å sykle, og prosjektet som her ligg til grunn har ein stor folkehelse- og miljøgevinst, men i mindre føremonn eit særleg fokus på trafikktryggleik. Etter fylkesrådmannen si vurdering fell dette prosjektet utanom det som er rammevilkåra til denne tilskotsordninga. Tilskotsordninga er meint som ei støtte til å kunne gjennomføre lokale, enkeltstående trafikksikringsarrangement. Større prosjekt som går over fleire år er ikkje ein del av målgruppa til denne ordninga. Det kan også nemnast at Hordaland fylkeskommune har gjeve tilskot til prosjektet på 100.000 kr i gjennom Klimaplan for Hordaland 2016.

Fylkesrådmannen innstiller ikkje på å tildele tilskot til dette prosjektet.

k) TSU Nordhordland

TSU Nordhordland søker om 100 000 kr til ein reflekskampanje/innkjøp av refleksar til så mange kommunar i Nordhordland som mogleg. Søkjaren har ikkje søkt om midlar til dette prosjektet tidlegare. Kr 170 000 kr til innkjøp av refleksar er svært mykje pengar. Til samanlikning har FTU i sitt budsjett sett av 200 000 kr i 2017, og Trygg Trafikk Hordaland har sett av 80 000 kr. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 50 000 kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Det er eit stort lokalt fokus på haldningsskapande trafikksikringsarbeid i Hordaland. Fylkesrådmannen ser at det over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. Om eit arrangement har motteke støtte eit år, så set det likevel krav til innhaldet og fokuset i arrangementet for å kunne motta støtte seinare år.

Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at det har kome inn søknader frå alle delane av fylket, og at det for kvart år er fleire nye søkjarar. Det kan difor synast som om tilskotsordninga har vorte betre kjend, - mellom anna gjennom prosjektet Trafikksikker kommune.

Den store variasjonen i type arrangement gjer det utfordrande å vurdere *kvaliteten* på trafikksikringsdelen i tiltaket. Det kan synast som ein del av tilskotsmidlane skal nyttast til å gjennomføre arrangementet, framfor sjølv trafikksikringsdelen. Samstundes er det haldningsskapande trafikksikringsarbeid eit kontinuerleg arbeid, som ikkje kan målast i konkrete effektar av tiltaket. Dette er det viktig å ha med seg inni vurderinga av søknadane.

Grunnlaget for fylkesrådmannen si vurdering av søknadane er at tilskotet som vert gjeve skal vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Vidare gjev kriteriet om at tilskotet ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter føringar for tilskotssummen. Med det forstår ein at midlane frå FTU i fyrste omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til det andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring. Vidare vurderer fylkesrådmannen det også slik at det er grunnlag for å vere noko tilbakehalden med at mindre arrangement skal få store midlar til premiering og større innkjøp av materiell.

Fylkesrådmannen har i si handsaming av søknadane av 1. mai 2017 vurdert kvar søknad for seg, men har sett tilsvarande arrangement i samanheng.

Fylkesrådmannen rår til at ti søkjarane vert tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 204 750 kr. Dette inneber at ein må nytte noko av mindreforbruket (260 000 kr) til tilskotsordninga «Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar» i denne tildelinga.



Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2017

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU)
– ref. 2014/1230"

Stad og dato: 9.3.2017 Husnes - Undarheim skule

Namn på arrangement

Trafikktryggleik for aktive eldar

Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar

Set kryss

1. Fotgjengar
2. Sykkel
3. Fart og rus
4. Barnehage
5. Barneskule og ungdomsskule
5. Vidaregåande skule
6. Vaksne
7. Eldre

X

Særskilde satsingsområde i Handling for trafikksikring i Hordaland perioden 2014-2017

Set kryss

Trafikksikringsarbeid i kommunane
Møteulukker utanfor tettbygde strok
Mjuke trafikantar i byområde

X

Namn på tiltaket

Namn på søkjar

Undarheim skule

Organisasjonsnummer

964967636

Adresse

Røsslandsvegen 5,

Postnummer og poststad

5460 Husnes

Kontaktperson

Marie E. Kaldestad

Kontonummer

3460 07 00083 - merk^m/ANS 1181

E-post

marie.elisabeth.kaldestad@
kvernbered.kommune.no

Telefon

+47 93068112

Totalkostnad

kr 30 000,-

Søknadssum

kr 30 000,-

Skildring av prosjektet:

Vi søker om å få eit dagsseminar for alle elevene våre med ein representant frå trygg trafikk. Kvinnherad kommune er kome med i søkinga for å bli ein trafikk sikker kommune. Seminaret skal/ bør vera i samarbeid med politiet som er deltades i skulen lura trüst i skulestart for å lera opp elvar på b.tinnet som trafikkvakter noko skulen har hatt over fleire år. Skulen vår har veg på 3 sider og har ein av vegane knytt opp til Belsenter, barnehagar, skuleheim, utrykingskjretøy (og alle bilar) som gjer det trafikkfarleg for elevene våre å krysse vegen til skule.

Korleis er arrangementet med på å styrke trafikksikkerleiken? Sjå nærare skildring på eige arte.

- > Kommunen satsar på å bli ein trafikk sikker kommune.
- > Samarbeid med andre instansar slik at alle elvar får utdelt refleksoverstar
- > Samarbeid m/FAU som har eiga satsing for elevene i skulen

Samarbeidspartnarar – korleis deltek dei?

samarbeid m/politiet – opplering av elv vakter
 samarbeid m/politiet – ekstra synfaringar i skulestart
 samarbeid m/FAU – tryggare skuleveg. samarb m/bank - utdeling av refleksoverstar

Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare? Ja Nei

Planlagt start

Aug./sept - 17

Planlagt slutt

okt/Nov - 17

Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast

Kvinnherad kommune - Urdarheim skule 3760 Juonnes

Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter

Type midlar	Utgifter	Inntekter
Innkjøp av utstyr nytta til seminaret	30 000,-	0

*Eigenandel, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr):

Søknadssum:

30 000,-

Totalkostand:

35 000,-

*Personalkostnader/eigeninnsats vert rekna med timepris som utgjer 1,2 % av årslønn, maks kr 1100 pr time, dette inkluderer normale administrative kostnader og andre overheadkostnader.

Meir informasjon om tilskotsordninga og søknaden

Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.

Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Arrangement med ei kostnadsrøme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.

Tilskotsmidlane kan ikkje dekkje administrative kostander og andre driftsutgifter.

Om søknaden ikkje er fullstendig utfyllt, eller det manglar relevante opplysningar, kan det ventast at den ikkje vert handsama.

Meir informasjon rapportering og utbetaling

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.

Namn på arrangementet - Trafikktryggleik for aktive elevar

Skildring av prosjektet :

Vi søker om å få tilskot til eit dagsseminar for elevane våre om korleis dei oppnå best mogeleg trafikktryggleik i trafikken til og frå skulen.

Vi tenkjer det skal vera eit seminar på hausten for alle elevar på skulen vår (242 elevar).

Undarheim skule har vegar på tre sider av skulen. Desse er trafikkerte og har dårleg belysning og overgangar til skule og SFO. FAU ved skulen har over fleire år arbeid for å til betre trafikksikring og har samarbeid/drøftingar med kommune og politi.

På dagseminaret ynskjer vi at heile skulen skal ha første delen av dagen der dei har ei opplæring av representant frå Trygg trafikk med opplæring av kva som må til for å vera trygg i trafikken for så å avslutta med cafe` oppsett der elevane får oppgåver og løyser desse på trinn .

Siste del av dagen meiner vi det er viktig at politiet er tilstades og at elevane får praktisk opplæring i korleis ein skal vi gå over fotgjengarovergang og viktigheten av refleks om hausten. Det å sykla til skulen, kva treng ein av utstyr for at ein skal vera tryggast råd til og frå skulen? Korleis skal vi kryssa vegar med sykkel ? Det er og mange andre faktorar som er viktige å ta opp på eit slikt seminar og det er viktig å drøfta dette i fellesskap før seminaret.

I dag har vi eit samarbeid med andre aktørar som gjer at alle elevar får utdelt refleksvestar om hausten. Politiet bidrar med opplæring av elevvakter v/ fotgjengarfelt kvar haust i tillegg til å patruljera nokon gonger etter oppstart ved nytt skuleår.


Vi ser og at det hadde vore nyttig å få til betre belysning mellom parkering, skule og SFO. Noko som kommunen er gjort merksam på.

For at elevar ved skulen skal forstå alvoret med å vera forsiktig i trafikken er det viktig at dei får god heilthetsopplæring av trafikkbilete og ei praktisk tilnærming/øving av situasjonar som kan oppstå.

Grunna dette søker vi Hordaland fylkeskommune om tilskot til å utføra eit dagsseminar i samarbeid med Trygg trakk, tilsette ved skulen og polititenesta i kommunen.

Håpar på positivt svar.

Med helsing,


 Marie Elisabeth Kaldestad
 Einigsleiar

Mobil: +47 930 68 112 / 53 46 14 60

www.kvinnherad.kommune.no | 



Vedlegg :

Referat frå FAU

Aktive barn – tryggare skuleveg .

Referat FAU møte 23.02.2017

Tilstades:

Administrasjon: Marie Elisabeth Kaldestad og Eva Refvik

Klassekontaktar: Bente Tveit, Guro Rørvik og Siv Olaug Vågen Eikenes

FAU: Karl Petter Vårdal, Morten Vatterdal, Marie Larssen, Rune Vik, Jan Helge Røssland, Eirin Seljestad, Jeanne Marie Børretzen og Rune Slettebakken.

Sak 1: Godkjenning av referat.

Referat frå førre møte 12.01.2017 vart godkjent utan merknader.

Sak 2: Trafikk.

Einingsleiar for veg og park i Kvinnherad kommune, Per Inge Naterstad, var til stades for å orientera om ny Opsangerveg og svara på spørsmål.

Han kunne fortelja at det skulle byggjast 1700 meter veg og VA-anlegg. Blant anna ny busshaldeplass ved Husnes ungdomsskule og Undarheim skule. Her vil ein heve parkeringsplassen, og fjerna trapp ned og opp til Underheim sin skuleplass.



Den nye vegen vil ha 3 meter gang/sykkelveg, 1,5 meter rabatt og to felts bilveg. Kontrakt vart tildelt Vassbakk & Stol, og arbeidet vil bli delt i tre fasar, med oppstart uke 11, og forventa total byggetid er 1,5 år. Ein vil starta ved Rema 1000 til Kulturhuset, og her kjem ein til å stengja vegen med omkøyring på oppsida av senteret. I fase to frå Husnes camping til Undarheim, vil ein ha lysregulering. Hidlervegen vil ikkje kunna nyttast som omkøyring, og vil bli skjerma for mjuke trafikantar.

Arbeidet ved skulen vil ein prøva å gjera så mykje som mogleg i skuleferien.

Navn: _____ Klasse: _____

AKTIVE BARN - TRYGGARE SKULEVEG

Målet er at så mange elever som mogleg går, sykklar eller reise kollektivt til skulen både for å få frisk luft og mosjon, og for å redusera biltrafikken ved skulen. Foreldra/føresette i samarbeid med barna er ansvarlige for å rapportera riktig. Ein set kryss i kalenderen for kvar dag ein har gått, sykla eller reist kollektivt til skulen (sjå reglane på baksida). Kalendaren skal leverast tilbake til lærarane fyrste veka i juni. Skriv også total dager med kryss i K-boka på 6. mars, 3. april og 2. mai, slik at ein kan sjå om ein er på veg til å nå premie eller ikkje.

Hugs refleks og hjelm!

Veke nr	FEBRUAR					Veke nr	MARS					Veke nr	APRIL					Veke nr	MAI				
	M	T	O	T	F		M	T	O	T	F		M	T	O	T	F		M	T	O	T	F
5			1	2	3	9						13						18		2	3	4	5
6	6	7	8	9	10	10	6	7	8	9	10	14	3	4	5	6	7	19	8	9	10	11	12
7	13	14	15	16	17	11	13	14	15	16	17	15						20	15	16		18	19
8	20	21	22	23	24	12	20	21	22	23		16		18	19	20	21	21	22	23	24		
9						13	27	28	29	30	31	17	24	25	26	27	28	22	29	30	31		

LA BILEN STÅ, TA BUSS, SYKLE ELLER GÅ - VINN FLOTTE PREMIAR SAMMEN

Navn: _____ Klasse: _____

AKTIVE BARN - TRYGGARE SKULEVEG

Målet er at så mange elever som mogleg går, sykklar eller reise kollektivt til skulen både for å få frisk luft og mosjon, og for å redusera biltrafikken ved skulen. Foreldra/føresette i samarbeid med barna er ansvarlige for å rapportera riktig. Ein set kryss i kalenderen for kvar dag ein har gått, sykla eller reist kollektivt til skulen (sjå reglane på baksida). Kalendaren skal leverast tilbake til lærarane fyrste veka i juni. Skriv også total dager med kryss i K-boka på 6. mars, 3. april og 2. mai, slik at ein kan sjå om ein er på veg til å nå premie eller ikkje.

Hugs refleks og hjelm!

Veke nr	FEBRUAR					Veke nr	MARS					Veke nr	APRIL					Veke nr	MAI				
	M	T	O	T	F		M	T	O	T	F		M	T	O	T	F		M	T	O	T	F
5			1	2	3	9						13						18		2	3	4	5
6	6	7	8	9	10	10	6	7	8	9	10	14	3	4	5	6	7	19	8	9	10	11	12
7	13	14	15	16	17	11	13	14	15	16	17	15						20	15	16		18	19
8	20	21	22	23	24	12	20	21	22	23		16		18	19	20	21	21	22	23	24		
9						13	27	28	29	30	31	17	24	25	26	27	28	22	29	30	31		

LA BILEN STÅ, TA BUSS, SYKLE ELLER GÅ - VINN FLOTTE PREMIAR SAMMEN

Onsdag 1. februar startar Undarheim Skule opp med “Aktive barn – Tryggare skuleveg» og vil halda fram til utgangen av mai. Foreldra/føresette i samarbeid med barna er ansvarlige for å rapportera kva dagar ein går eller sykklar (se reglar). Kalendaren skal leverast tilbake til lærarane fyrste veka i juni.

Premiering: Kwart trinn vert premiert ut frå kor mange poeng dei får samla. Ein får 1 poeng for kvar elev for kvar dag eleven har kryss på kalender. Premien går til trinnet i fellesskap.

Nivå for premie	Standard premie	Ultimate premie
2.trinn	30%	50%
3.trinn	40%	60%
4.trinn	45%	65%
5.trinn	50%	70%
6. og 7. trinn	55%	75%

Reglar: Alle elevar som går eller sykklar, må gå heimefrå, eller minimum ein avstand på 500 meter frå skulen. Alle elevar som reiser kollektivt til skulen, må gå eller sykle heimefrå til busshaldeplassen. Det er spesielt ønskeleg at elevane går saman, så vi oppmodar alle elevar og foreldre/føresette til å aktivt inkludera og ta initiativ. Avtal felles møteplass og tidspunkt. Dersom eleven har utfordringar med å delta knytta til bevegelseshemming, sjukdom eller andre årsaker, skal eleven få lov til å sette kryss kvar dag. Det er viktig at barna har forståing for medelevar som av ulike årsaker treng transport.

Onsdag 1. februar startar Undarheim Skule opp med “Aktive barn – Tryggare skuleveg» og vil halda fram til utgangen av mai. Foreldra/føresette i samarbeid med barna er ansvarlige for å rapportera kva dagar ein går eller sykklar (se reglar). Kalendaren skal leverast tilbake til lærarane fyrste veka i juni.

Premiering: Kwart trinn vert premiert ut frå kor mange poeng dei får samla. Ein får 1 poeng for kvar elev for kvar dag eleven har kryss på kalender. Premien går til trinnet i fellesskap.

Nivå for premie	Standard premie	Ultimate premie
2.trinn	30%	50%
3.trinn	40%	60%
4.trinn	45%	65%
5.trinn	50%	70%
6. og 7. trinn	55%	75%

Reglar: Alle elevar som går eller sykklar, må gå heimefrå, eller minimum ein avstand på 500 meter frå skulen. Alle elevar som reiser kollektivt til skulen, må gå eller sykle heimefrå til busshaldeplassen. Det er spesielt ønskeleg at elevane går saman, så vi oppmodar alle elevar og foreldre/føresette til å aktivt inkludera og ta initiativ. Avtal felles møteplass og tidspunkt. Dersom eleven har utfordringar med å delta knytta til bevegelseshemming, sjukdom eller andre årsaker, skal eleven få lov til å sette kryss kvar dag. Det er viktig at barna har forståing for medelevar som av ulike årsaker treng transport.

Referat FAU møte 23.02.2017

Tilstades:

Administrasjon: Marie Elisabeth Kaldestad og Eva Refvik

Klassekontaktar: Bente Tveit, Guro Rørvik og Siv Olaug Vågen Eikenes

FAU: Karl Petter Vårdal, Morten Vatterdal, Marie Larssen, Rune Vik, Jan Helge Røssland, Eirin Seljestad, Jeanne Marie Børretzen og Rune Slettebakken.


Sak 1: Godkjenning av referat.

Referat frå førre møte 12.01.2017 vart godkjent utan merknader.

Sak 2: Trafikk.

Einingsleiar for veg og park i Kvinnherad kommune, Per Inge Naterstad, var til stades for å orientera om ny Opsangerveg og svara på spørsmål.

Han kunne fortelja at det skulle byggjast 1700 meter veg og VA-anlegg. Blant anna ny busshaldeplass ved Husnes ungdomsskule og Undarheim skule. Her vil ein heve parkeringsplassen, og fjerna trapp ned og opp til Underheim sin skuleplass.



Den nye vegen vil ha 3 meter gang/sykkelveg, 1,5 meter rabatt og to felts bilveg.

Kontrakt vart tildelt Vassbakk & Stol, og arbeidet vil bli delt i tre fasar, med opstart uke 11, og forventa total byggetid er 1,5 år. Ein vil starta ved Rema 1000 til Kulturhuset, og her kjem ein til å stengja vegen med omkøyring på oppsida av senteret. I fase to frå Husnes camping til Undarheim, vil ein ha lysregulering. Hidlervegen vil ikkje kunna nyttast som omkøyring, og vil bli skjerma for mjuke trafikantar.

Arbeidet ved skulen vil ein prøva å gjera så mykje som mogleg i skuleferien.

Når arbeidet tek til, ønskjer entreprenøren å komma på skulen til elevane med ein «blindsone aksjon» for å informera elevane om trafikksikkerheit i forbindelse med det planlagde arbeidet.

Sak 3: Veglys ved gymsal.

Karl Petter Vårdal etterlyste også manglande veglys ved inngangen til gymsalen. Dette lova Per Inge Naterstad å sjå på då han forlèt møte. I ettertid bekrefta Per Inge Naterstad på mail at veglysa var dårleg, og lova å sjå nærare på kva han kunne få til her.

Sak 4: Aktive Barn – Tryggare Skuleveg.

Kampanjen er starta og alle elevane frå 1. til 7. trinn er med. Her må FAU søke om midlar til premiar. Jan Helge Røssland kontaktar Knut Olav Røssland Nestås i Trygg trafikk. Rune Slettebakken kontaktar frisklivs koordinator Geir Ove Fosse i Kvinnherad kommune, Kvinnherad Energi og Hordaland Fylkeskommune.

Sak 5: Elevkveld.

Det vert elevkveld 23.03. 1. til 4. trinn frå 17:00 til 18:30. 5. til 7. trinn frå 19:00 til 20:30. Her blei «gratisprinsippet» på skulen diskutert, blant anna om klassekontoen kan nyttast i slike samanhengar. Dette er ei sak klassekontaktane bør diskutera i dei ulike trinna. På arrangementet 23.03 blir det gratis og ikkje kiosk, men det blir saft og pizzasnurrar som foreldra bakar. Rune Slettebakken lagar skriv til klassekontaktar, elever og arbeidsliste.

Sak 6: Fleirbrukshall.

FAU etterspør utkast til fleirbrukshall. Karl Petter Vårdal lager eit skriv der han etterlyser retningslinjer for bruk av hallen på dagtid, samt svar på innspel FAU sendte med skulen sine behov.

Sak 7: Økonomi.

Utgiftene til julefesten var kr. 16.997,95 inntekter 6553,- resultat underskot kr. 10.444,95
FAU har per 23.02.2017 kroner 62.678,70 på konto.
Er det nokon som har forslag til korleis FAU kan skaffa inntekter?

Neste møte blir 27.04.2017 kl. 18:30 på personalrommet.

Ref. Rune Slettebakken



Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2017

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU)
– ref. 2014/1230"

Stad og dato:.....Husnes 21.03.17.....

Namn på arrangement: Informasjon om trafikktryggleik gjennom helsestasjonen

Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar	Set kryss
1. Fotgjengar	x
2. Sykkel	
3. Fart og rus	
4. Barnehage	
5. Barneskule og ungdomsskule	x
5. Vidaregåande skule	
6. Vaksne	x
7. Eldre	

Særskilde satsingsområde i Handling for trafikksikring i Hordaland perioden 2014-2017	Set kryss
Trafikksikringsarbeid i kommunane	X
Møteulukker utanfor tettbygde strok	
Mjuke trafikantar i bygdene	x

Namn på tiltaket	
Namn på søkjar: Kvinnherad Kommune	Organisasjonsnummer 964967636
Adresse: Rosendalsvegen 10	Postnummer og poststad 5470 Rosendal
Kontaktperson: Line S Holmedal	Kontonummer 3460 07 00083 (merknad: ANS 2108)
E-post: line.holmedal@kvinnherad.kommune.no	Telefon 53461620

Totalkostnad: 18750 kr**Søknadssum: 18750 kr**

Skildring av prosjektet:

Kvinnherad kommune vart i 2016 valt ut som ein av tre kommunar i Hordaland som skal ta sikte på å bli Trafikksikker kommune. Prosjektet er politisk vedteke og forankra i leiargruppa til kommunen. Arbeidet frametter vil vere del av eit større fokus på samferdsle og trafikktryggleik i Kvinnherad i 2017. For helsestasjonen sin del ser vi at arbeidet med trafikktryggleik kan bli endå betre. Helsestasjonen skal difor innarbeide trafikktryggleiksarbeidet i sine rutinar og prosedyrar. I praksis vil det skje gjennom å legge ulike emne innafør trafikktryggleik til dei ulike konsultasjonane. Slik sikrar ein at alle barn og føresette får same informasjon og opplæring på same tidspunkt. I tillegg vil helsesøstre gjennomgå kurs i regi av Trygg trafikk med spesielt omsyn på sikring av barn i bil.

Eit ledd i den auka satsinga er å setje opp informasjons skjermar på venteromma på alle helsestasjonar. Her vil det bli lagt inn informasjon om ulike tema som sikring av barn i bil, refleksbruk og liknande. I tillegg vi vi spele av kvalitetssikra filmar frå Trygg Trafikk for å auka bevisstgjerung og fokus, til dømes:

<https://www.youtube.com/watch?v=dLxIFP8xUkc> og

<https://www.youtube.com/watch?v=QMFVmVn76RU>.

Filmene går kontinuerleg slik at alle som er innom får sjå dei medan dei ventar på tur. Etter at prosjektperioden er ferdig, vil en halde fram med å visa aktuelle filmar knytt til trafikktryggleik. Skjermane kan og bli brukt til å spreia annan relevant informasjon knytt til borns trivsel og utvikling.

Som eit ledd i eit større perspektiv rundt trafikktryggleik er det naturleg å inkludere dette med refleksbruk. På den faste skulestartundersøkinga, vil tema om refleksbruk bli teken opp og det skal delast ut refleks etter konsultasjonen.

Det søkast om midlar til innkjøp av refleksdyr (a 45 kr/stykk til ca 150 førskulebarn/år), samt 3 stk informasjonsskjermar som skal henga på venterommet på 3 av helsestasjonane i kommunen.

